

## VALDRESKVELVEN SPEL OG DANSARLAG

### Årsmelding for 2003

Årsmøte vart halde i Sørre Hemsing 17. mars.

Desse vart i styret for 2003 :

- Styret:** Kari Hagaseth attval som leiar og styremedlem  
Karin Trøen Hagen  
Ingrid Skavhaug attval  
Tron Kittelsen  
Nils Rogn
- Vararepr.:** Jan Sparstad  
Guro Råheim Kvam
- Valnemd:** Kari Birgit Lien *leiar*  
Nils Leine  
Kari Fagersand
- Revisorar:** Arne Belsheim  
Boye Thorpe

Styret har hatt tre styremøter i meldingsåret.

Laget har ~~46~~ medlemmer. *(nedgang på 9 medlemmer)*

Me har dansa, sunge og spelt oss gjennom nok eit år , med diverse aktivitetar på fleire hald. Aktivitetane i meldingsåret starta med mønstringskonsert på VBU 21. mars. Der deltok Lene Rogn med langeleikspel, Kari H. med diktlesing (Killingdans av Arne Garborg) og Killingadn med hallingdans.

I mars/april hadde me eit minispringarkurs på Torsheim. Instruktørar var Marit og Kjell Bakken. Det hadde nok vore plass til fleire kursdeltakarar, men det var forhåpentlegvis fint for dei som var med.

Hallingdansarane har dreve på jamt og trutt også dette året med Nils Rogn og Andris Kvam som instruktørar. F.o.m. 7.10. og 5 tysdagar før jul samla me i tillegg til hallingdansarane, langeleikspelarar, felespelarar og andre danseglade til samvær på Åsvang. Me hadde ei økt frå kl. 19-20 med dei forskjellige aktivitetane parallellt. Så kom ei liti brus og kaffepause og siste økta, fram til kl. 21 var alle samla til fellesdans. Me satsa på forskjellige aktivitetar kvar kveld i den siste økta. Aktivitetane var fylgjande: Godkarstykke/gamaldans – turdans – somalisk dans – pols – swing. Denne aktiviteten på Åsvang er noko me ynskjer å halda fram med. *Med unntak av somalisk dans fekk me gjennomført desse aktivitetane*  
13 ungar frå Vang deltok på Strunkeveka på Leira i sommar. Laget gav økonomisk støtte til deltakarane ( kr 500 til kvar ).

Til Jørn Hilme stemnet vart det gjeve ut ein CD med låtta spelt inn av Ola Grihamar d.e.. Utgjevar var plateselskapet TALIK. Me planla ein konsert i Øye i november, der me bl.a. skulle presentere denne CD'en. Dette vart dessverre avlyst p.g.a. dødsfall. Konserten vart utsett til seinare.

I fleire år har Valdreskvelven "drøymt om" å få til ein konsert med Susanne Lundeng. Den 24. januar vart draumen oppfylt. Dette var fordi Nils Rogn fylte 50 år, og fordi gebursdagsfeiring, konsert og heile pakka kunne vera eit samarbeidsprosjekt mellom Valdreskvelven og Kari Birgit A/S... Konserten vart ei flott oppleving med ein folkemusikar frå uti havgapet utanfor Bodø. Det var som om havet med bølger og sjøsprøyt til tider suste gjennom salen på Åsvang denne kvelden! Etterpå var det ei god bordsete, og kvelden vart avslutta med dans etter Tomas og Jostein Hillestad og Tom Kjetil Tørstad. <sup>W.V.F.</sup> Hallingdansarane dukka opp under maten og laga liv og røre for Nils. Songgruppa Purrebeadn hadde gjenoppstått for ei lita stund... (?) og sang eit "hyllingskvad" til Nils skreve av Inger Sørum.

I september arrangerte landslaget for spelemenn (LFS) instruktørkurs og seminar i Øyer. Ivar Hemsing deltok på dans og seminar, med stort utbytte.

*Nils R og Kari H møtte på årsmøtet i VFL*

Valdres folkemusikklag (VFL) gjorde vedtak om å endre styrestrukturen sin på årsmøte 18/3, noko som leiar (Kari) ikkje hadde noko imot...! Før var styret samansett av folk frå **styra** i dei lokale laga. No vert styremedlemmene i VFL plukka frå medlemslistene til lokallaga. Lokallaga får no referat frå styremøta i VFL, slik at kontakten med distriktslaget fortsatt er bra. Styret i VFL har også oppretta ei fadderordning der kvart medlem er fadder for eit lokallag. VFL har kalla inn til to leiarmøter i meldingsåret, 23.9. og 25.11.. Det har vore interessante møter der me har drøfta og utveksla mange idear.

Det har vore ein del jubileum og tilstelningar som Valdreskvelven har vore meir og mindre involvert i: Elisabeth Kværne, 50årsmarkering med konsert på kulturhuset i september – Ingar Ranheim 50årsfest på Slidrehuset - jubileumskonsert på kulturhuset 11.10. med Valdres folkemusikkgruppe, 15 år og Trygve Bolstad 60 år. Felelevar av Trygve deltok - Øystre Slidre spel- og dansarlag markerte 60års jubileum på fleire måtar - 4.10. var det avduking av minnesmerke over folkekunstnarar på Ringestad V. Slidre - lokalkappleiken på Tingvang 5. april med deltakarar frå Valdreskvelven. *Lagdans saman med Slidre på Jørn Hilme*  
28. august hadde me eit lite program med langleik, fele, song og dans på Tyinholmen for hjelpemiddelsentralen i Oslo, ved Eva B. Havro.

*Årsmedlem Birger Bøe gjeldt bort i januar. Laget kjøpte ein bair-bukett*  
3. mars vart eit trufast medlem av laget 50 år. Om lag 15 valdreskvelvarar og andre overraska jubilanten Ivar Hemsing med kaffe og kaker, kurv og flatbrød i Hemsing på sjølvaste dagen. Nils Leine og Ola Norvald Hagen spelte fele, noko som var svært triveleg! Dans vart det også! *Kariff. sit i styret for Vang musikklag. Laget er medlem av Vang*  
Eg vil til slutt takke alle som har støtta laget med arbeid og anna i året som har gått. Utan alle gode krefter og velvillig innsats går det ikkje bra å drive eit frivillig lag. Me må stå på også i åra som kjem etter beste evne... *follehadde*

Liagardane 14. mars Kari Hagaseth

→ Medlemmer i laget har hatt oppgaver på Jørn Hilme

*(Arleg sal)*

I desember var ein del medlemmer, spelemenn og dansarar, på ~~at~~ *at* (Vang mot talessenter)